

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 23

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Bordskikk til liv.

Oppskr. av: Olav Hoddevik

(adresse): Årsheim

Fylke: Sogn og Fj.

Herad: Selje

Bygdelag: Stadlandet

Gardar: Hoddevik, Ture, Årvik

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I eldre tid hadde dei fleste ei stor stove (røykestove). Der hadde dei ein kokemann, og det var vanleg sjølv om dei også hadde eit lite kjøken - at dei både kokte og åt i stova.

1. Ein hadde eit vanleg langbord i stova der heile huslyden åt, også tenarane.
2. Alle sat ved same bordet og det er vanleg no og.

3 og 5. No er det oftast slik at heile huslyden et på kjøkenet. Alle et på same tid, såframt det kan høva så.

4. Eg trur det er vanleg at alle et av same slag mat.

6. Kanskje helst høgtidsdagane, og då heile huslyden.

7. Det har helst ikkje vore nokon fast sitjeplass ved bordet, det eg kjemmer til.

8. At borni skulle stå ved bordet medan dei åt, har neppe vore brukt her i kring.

9. Ein tek det ikkje nøye med slike plass, no.

2
10. Det er sikkert ganske vilkårlig med slik plass.

11. Irsom ein ikke hadde arbeid med noko så ein var "skiten" på hendene, tok ein det visst ikke nøye med vasking før ein åt. Summe er gjerne ikke så nøye med det ennå.

Det har vore gamalt skikk å ta av seg huva før ein set seg til bords.

12. Eg kan hugsa eg såg at fleire åt av same grautfaket (også brura-graut). Det vart meir og meir slutt for 30-40 år sidan.

Den tid ein åt graut av same faket, hadde ein og ei sams mjølkeskål, og så tok ein fyrst skeii halv av graut og så hadde ein skeii i mjølkeskåli og tok "sul" attåt. Då det vart vanleg med kvar sin tallerk, vart det og kvar sin sulskopp.

Summe har ofte brukt å ta mjølk (sul) på tallerken i lag med grauten. Summe tok ei luge graut fyrst og så drikk ein litt attåt.

Kvar sin drikkeskopp hadde ein sikkert lenge før det vart vanleg med kaffi. Sjålv om ein altså ofte hadde ei sams sulskål til grauten.

13. At ein sette matgryta på bordet, har eg antan sett eller høyrte tale om her i bygdi. I eldre tid slo ein maten opp i tre-ringjer eller fat (tinkursteiar).

Det kam då også an på kva slag mat det var. No er det neppe noko særmerkt ved serveringsmåten.

Det er vel amlag som på større og byliknande strøk.

14. Å laga brødbite er ein gamal skikk. Den held seg hjå mange særleg eldre folk. Hadde ein fersk fisk så hadde ein og som oftast lever.

Då tok ein eit stykke brød (ca. 15cm x 15cm), smurde så noko lever utover brødstykket, la så fisk på, og så skar ein poteter i skivor og la på fisken, og så eit stykke brød på det heile.

Biten dypna ein så i livrefett.

Var det salta fisk, hadde ein smør eller smult i staden for lever. Men då hadde ein ikkje noko feit til-sjöløst.

Ein brukte og bite når ein hadde kjøt, fleisk og poteter.

15. Ja, eg trur ikkje ein reknar det for nokon uskikk heller.

16. Eldre folk brukte oftast å slå kaffi på faket, serleg om dei tykte det var for varmt å drikka av kappun.

No ser ein det sjeldan. Og ein reknar det ikkje for god bordskikk no. Men før såg ein ikkje på det som nokon uskikk.

17. Mor mi, 83 år, fortel at det var sjeldan bruket gaffel i hennar barndoms- og ungdomstid - sjølv ikkje i bryllaup. Men etter 1900 har gaffel etter kvart kome i bruk. Det var ikkje ofte ein brukte gaffel til kvardags i mi barndamstid. Men om helgane og når der var framande brukte ein gaffel. Ein kan vel seia at gaffel

4
vart meir og meir vanleg til kvardagsbruke
frå omlag 1910-20.

18. Mei, tallerkniv brukte ein ikkje ved
bordet utan stundom for å skjera speke-
kjøt. Det var elles vanlege bordknivar.

19. Mor mi fortel at far hennar laga
alltid nye skeier til jøl, notene av horn
og notene av bjørketre. Han krita dei med
eit svi-jarn og sette namn på dei.

Barni fekk då kvar si ny skei. Stundom
dei vaksne og. Dei brukte alltid å vaska
skeiene, oftast hadde ein dei i ei liti kass-
se; men eg har høyrst at i sume heimar
burde slakte dei av skeii og sette ho i
eit hald på veggen. Då hadde dei van-
legvis sine visse skeier. Elles har det
vort vanleg at ein har vaska skeiene så
lange atende eg kan hugsa.

20. Kva tid ein tok til å bruke steinty- og
porselentallerkar, kan eg ikkje seia noko
om; men mor mi sier at i hennar barn-
damsheim hadde dei ikkje så lite stein- og
porselenty: tallerkar, kappar og skåler frå
det ho kan hugsa. Men dei hadde og brukte
ler og tre tallerkar og kinnfat.

Eg kan hugsa at ein hadde grant i store
krusefat som fleire åt av. Men etter
kvart vart det vanleg med tallerkar.

21. Ein brukte ikkje duk på bordet til
kvardags, berre kvitsteina bordplater; men
alltid i høgtidene og ofte andre helger og.

22. No brukar ein oftast voksduk til kvar-
dags og kvit duk til helg og høgtid.

Voksduken ligg på bordet også mellom
måltidene.

23. Det var nok så mange før som etla maten. Nokan regel med rekkje fylgja for etlingi, kjenner eg ikkje til. Ein kalla det ò etla maten. Men mi har aldri brukt ò etla maten.

24. Omlag som sp. 23.

25. Eg hugsar at bestemor mi sa ofte at vi gutane måtte eta mykje. "For når de skal ned i båten og kjempa mot storm og store-bære, kjem det vel med at de er sterke". Men ho meinte sjålsagt ikkje at ein skulle spara maten for gjentane heller. Vi var vane med ò eta så mykje vi ville.

26. Ja, dette skil seg vel noko i dei ymse heimar. Det er vel helst mor og am det er eldre systen.

27. Det var ofte før at ein togg maten til små born. Og det var nok så vanleg for 40-50 år sidan at tog-borni (brystborn) sang låt. Ofte var det fin grant ein hadde i låta; men same tog kringler og hadde i låta.

28. Det kjem an på kva ånd som råder i heimane. Det er sikkert mange som les bordbøn stilt. Summe syng eit vers, serly til helg og høgtid. Dei andre degane er det eit av borni som les høgt for maten.

Skundam av dei eldre og skundam av dei yngre. Er det berre vaksne, les ein til vanleg stilt. Eg trur ikkje ein gjer skilnad om det er framande til stades.

29. Det har vore og er vanleg at ein kan tala om ymse ting medan ein sit og et.

Det skil seg kva ein talar om. Men oftast har det då vore husbanden som førde ordet.

Det er slitt no og. No, det kan vere at der

6
i same hus finst ei grov og maskulin
kjerring som vil ha både fyrste og siste
ordet.

30. Dessam det er ein sámeleg lutt, trur
eg ikkje det er eller har vore rekna
for uhøveleg.

31. Å syngeja medan ein åt har vore
rekna for uhøveleg. Eit ordtak am det:
„Mannen visste ikkje at kjerringi var
gali for ho song med ho åt.“

32. Det har det vore så ymse med.
Men om det ikkje er kvingande grunn-
nar, for skuld arbeid, sit ein gjerne
ved bordet til alle er ferdige.

33. Det har ikkje vore vanleg å seia
takke for maten til kvardags.

34. Sam vanleg sa han: „Signe maten.“

35. Nei, det trur eg ikkje var vanleg.
Men trudd ein at den framande fram
om mat, vart han boden mat etter
at dei andre var ferdige.

36. Ja, ofte vart det gjort.

37. Litt omframt var det vel oftast
for; men meir sjeldan no.

38. Lume har nok vore sers gjestmilde
såleis; men andre har ikkje hatt tan-
ke for det. Eg trur ikkje det har vore
eller er vanleg at kjelen er på anna
enn til måltidene.

39. Til vanleg får ein framand gjest
eta i stova; men det er ofte at den
framande sjølv ynskjer å eta i kjøke-
net saman med husens folk. Har han
ete i stova har stundam husfaren eller
husmori ete saman med han.

40. Nei det er ikkje vanleg god skikk
 å la seg nåyda til å forsyna seg.
 Men sidan vi er inne på det, kan
 eg nemna ein gamal mann frå ei bygd
 på ytre Staden. Han batt ofte garn
 til far min då eg var liten gut.
 Når då mannen hadde bunde nokre
 garn, kam han stundom med dei sjølv.
 Men han kom viss aldri inn i stova
 med same. Han gav seg til ute på tunet
 til nokon kam og bad han inn.
 Ein måtte hink fram nåyda han inn.
 Fyrst måtte han då stå ei stund ute
 i gangi, og etter mykje snakk fekk ein
 han endelig inn i stova. Når han då
 skulle til bords, laut ein se han fleire
 gonger, og ein måtte mest både nåy-
 da og sigga han om å forsyna seg.

41. Nei, eg trur ikkje det har vore no-
 kan regel om det. Er det ein framand
 ein gjerne vil vera sers gaumsam mot,
 tek gjerne husfaren eller husmori seg
 tid til å samråda med han midt han
 et. Ælles neppu. Men sit nokon inne
 hjå gjesten, er det gjerne eit lite stykke
 frå bordet, helst vendt mest mozi-
 leg i mot han.